



Fleire uskedelingar vert etterlyste på dansegolvet.

Uskedelingane vart etterlyste under konserten på Dønhaug laurdag kveld og det er all grunn til å gjenta etterlysinga i samband med dansekvelden i Helgheim i kveld.

Av dei 18 framøtte er det berre 5 herifrå og av dei er dei 2 arrangørane Berit Harriet og Ivar Kåre Døssland, Under den fyrste kvelden var 26 på plass og svinga seg men også då var det svært få frå Uskedalen.

- Det er nokre færre i kveld enn sist, men eg er likevel optimist på vegne av dette arrangementet, sa Ivar Kåre under matøkta i kveld. Han var glad for at det hadde kome danseglade frå fjern og nær i kommunen og fekk tilslutnad for ein fest på vårparten med levande musikk.

Det kostar berre ein femtilapp å koma inn på Helgheimdansen men Berit Harriet og Ivar Kåre har såpass i kassen at dei kan leige inn nokre gode, lokale musikantar.

Dei to eldsjelane er verkeleg entusiastar. No har dei vore i Bergen og dansa og i helga i andre helgai februar går turen til den årlege dansegallaen i Ullensvang. Då blir det også med mange fleire frå Kvinnherad og kanskje også nokre fleire frå Uskedalen?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



18 møtte fram denne dansekvelden